

Handsaum og skreddartriiks: med skreddar Thea Glimsdal Temte

**Kurs i Sofiehuset, Hagalid søndag
27. mars kl 17.00 - 21.00**

På dette kurset får du praktisk kunnskap om korleis ein sydde klede før symaskinen var oppfunnen og prøvd deg på smarte skreddartriiks!

Herreskreddar Thea Glimsdal Temte frå Hot Nok på Solberg Spinderi ved Drammen har røter i Hjelmeland. Ho lærer deg korleis du kan forma eit plagg med eldre handsaums-teknikkar og innleggsstoff. Du lærer å sjå plagget si form i høve ein kropp, og haldning er her eit nøkkelbegrep.

Me går gjennom ulike stingtypar som har forskjellig effekt; dei kan gjera saumen smidig eller dei kan stive han av. Me syr med lintråd i vadmél, klede og lin. Og kanskje vil du prøva deg på silke?

Me syr kastesting, attersting, spile- og prikkesting etc. Kvar teknikk har særeigne eigenskapar som du kan velgja for å gje syprosjektet ditt eit løft!

Desse saumteknikkane er ofte knytt til produksjon av bunadar. På Hagalid vil du få sjå ein silkekjole som har vore på raud løpar i Hollywood. Kjolen er sydd ved bruk av tradisjonell spilesaum! Andre av Thea Temte sine unike drakter, kjoler er utstilt saman med gamle arbeidsklede. Ei Ryfylkedrakt er og vist.

Individuell rettleiing. Du får med prøvelappar heim.

Kurspris: 1.900,- inkludert alle sy-materiale og servering (kraftig suppe og kaffi/te). Avgrensa plass, maks 8 deltakarar, alle får kvart sitt arbeidsbord med godt lys og nødvendig utstyr.

Bindande påmelding til Hanne Sundbø på epost@hagalid.net med namn, epost og telefonnummer innan 23.3. (sei frå om eventuelle matallergiar)



